

Tiltak mot ugras i økologisk korndyrking

Vi har demonstrert ulike tiltak mot ugras i økologisk korndyrking. Vi fann effekt på ugras av såtidspunkt og ugrasharving. Seint såtidspunkt gav mindre ugras enn tidleg såtidspunkt og to harvetidspunkt gav mindre ugras i høve til eitt harvetidspunkt. 6-rads bygg gav høgare avling enn 2-rads bygg.



Ane Harestad
Rådgiver



Arne Vagle
Seniorrådgiver

To demonstrasjonsfelt i Klepp

Særleg for økologisk kraftfôr har det dei siste åra vore stor prisauke, og i eit økologisk driftsopplegg kan dyrking av eige fôrkorn vera økonomisk interessant. I tillegg er kretsløpstankegang viktig i økologisk drift. Vi har eit potensiale som bør utnyttast for å auke andelen av norskprodusert kraftfôr.

I mange tilfelle kan ugrasbekjemping vera den største utfordringa i dyrking av økologisk korn. Vi har difor demonstrert ulike tiltak mot ugras i korndyrking hos to feltvertar i Klepp kommune. Prosjektet starta i 2024 og skal halde fram i 2025. Registreringane er støtta med midlar frå Landbruksdirektoratet.

Kornsort, såtid, og ugrasharving

Forsøksplan for demonstrasjonsfelta vart sett opp etter ønske om å undersøke effekt på ugras av såtid, kornsort og ugrasharving.

Jordarbeiding og gjødsling vart utført av vertane. Felta vart gjødsla med 4-5 tonn vassblanda storfegjødsel. Felta vart sådde med NLR sin forsøkssåmaskin og tromla etter såing ved feltvert.

Såmengder for 2-rads bygg av sorten Fairytail var 22 kg/daa og for 6-rads bygg sort Bredo var 20 kg/daa.

Vi hadde to såtidspunkt. Tidleg såtidspunkt var 8. mai 2024. Etter såing tromla feltvert. Det regna godt dagen etter såing. Det vart berre denne eine dagen med regn, og varmt og tørt etterpå. Seint såtidspunkt var 16. mai. Det var varmt og tørt etter såing.


Ugrasharving vart utført på to ulike tidspunkt. Første tidspunkt var som blindharving før kornet spirte. Neste tidspunkt var på kornet sitt 3-4-bladstadiet. Vi telde ugras for å vurdere effekt av berre blindharving i høve til effekt av både blindharving og harving på 3-4 blad-stadiet.



Resultat

Ugras

Det var effekt på tal ugras av såtidspunkt og ugrasharving. Såing 8. mai gav meir ugras enn såing 16. mai. Det er grunn til å tru at det seinaste såtidspunktet har gitt betre spiring av kornet og betre effekt av skugge mot ugraset.




Figur 1. Seint: Såtidspunkt 16.05.24. Tidleg: Såtidspunkt 08.05.24. Det var sikker effekt av såtidspunkt på ugras. Sein såing gav færre ugras/m2 enn tidleg såing.

Vi registrerte færre ugras med to harvetidspunkt i høve til eitt harvetidspunkt. Harving på 3-4-bladstadiet kan vera tøft for kornet, og ein del korn kan gå ut etter harving. Det kan difor vera aktuelt å auke såmengda med nokre kg når det er planlagt harving på dette stadiet. Alternativt kan ein berre blindharve sjølv om effekten på ugras kan bli mindre.




Siste harvetidspunkt var 3. juni på 3-bladstadiet. Kornet fekk tøff behandling. Foto: Ane Harestad



Figur 2. Vår: Blindharving. Vår+4bl: Blindharving + harving på 4-bladstadiet. Det var sikkert effekt av ugrasharving på ugras. Blindharving + harving på 4-bladstadiet gav færre ugras/m2 enn berre blindharving.

Høgast avling av 6-rads bygg

I Rogaland kan det vera aktuelt å dyrke både 2-rads og 6-radsbygg. 2-radsbygg har seinast spiring om våren og krev lengst vekstsesong. Vi registrerte høgast avling av 6-rads bygg. Det var sikker skilnad i avling mellom 2-rads og 6-radsbygg.



Figur 3. 2r: 2-radsbygg Bredo. 6r: 6-radsbygg Fairytail. 288 kg TS/daa Fairytail og 358 kg TS/daa Bredo var sikker skilnad i avling mellom desse to sortane.

Vi skal halde fram med registreringar i økologisk korndyrking i 2025.